Klima og miljødepartementet

Bergen 10.11.26

Uttale til rapporten *Norge i hardt vær – samfunnsøkonomiske vurderinger av klimatilpassing*

DNT er Norges største friluftslivsorganisasjon med over 350 000 medlemmer. Vi består av 53 foreiningar med tilknytte lokallag som har ansvar for til saman rundt 600 hytter, 22.000 km med T-merka stiar og nesten 5000 km kvista løyper på vinteren.

DNT er og ein frivillig organisasjon med årleg rundt ein million dugnadstimar, der mykje av arbeidet går til fysisk tilrettelegging for friluftslivet, frå merking av enkle stiar, til bruprosjekt og hyttevedlikehald. Eit endra klima gjev konkrete utfordringar for dette arbeidet.

Våre innspel til ekspertutvalet i 2025 og til den framlagte rapporten kan kort oppsummerast som følger:

- DNT etterlyser ei tilskotsordning for klimatilpassing av friluftslivet sin infrastruktur, som kan lette den økonomiske byrda for frivilligheita.
- DNT meiner dagens TEK 17 ikkje er tilstrekkeleg eigna for friluftslivet sin infrastruktur, og etterlyser eit revidert regelverk med krav til personsikkerheit og vern av materielle verdiar som er betre tilpassa byggetiltak for infrastruktur i fjell og utmark.
- DNT støttar utvalet sitt råd om å ta i bruk naturbaserte løysingar for klimatilpassing og meiner det er avgjerande å ta vare på naturen sin eigen tilpassingskapasitet ved å redusere den samla påkjenninga på naturen.

Generelle merknader/ andre innspel

DNT vil rosa ein grundig rapport og støttar vurderingane og omsyna som kjem fram. Det er særleg fint å sjå at krysspresset på naturen frå arealendringar og utbyggingspress, klimaendringar og ekstremvær, turisme og overlast vert grundig omtala. Samstundes saknar vi betre gjennomgang av bidraget og presset som frivilligheita kjem i under desse forhalda.

DNT vil og framheve viktigheita av å oppretthalde naturens eigen tilpassingskapasitet gjennom å redusera den samla påkjenninga på naturen. DNT vil uttrykke sterk støtte til utvalet sitt råd om økonomiske og regulatoriske verkemiddel for å redusere negative verknader på økosystema, og å ta i bruk naturbaserte løysingar og naturbasert klimatilpassing for å fremja ein samfunnsøkonomisk, og etter vårt syn, natur- og friluftslivsvenleg tilpassing til klimaendringane.

Innspel til kap 5.12 Reiseliv

Frivilligheit. Vi etterspør grundigare omtale av frivilligheita sitt bidrag til tilrettelegging og vedlikehald av friluftslivet og det naturbaserte reiselivet sin infrastruktur og beredskap. Det er frivillige organisasjonar og foreiningar som står for tilrettelegging og vedlikehald av mange av dei fellesgoda som er under press. Det er også frivillige som står for mykje av beredskapen i fjell og friluftslivsområde. Dette må anerkjennast, og ikkje minst må slitasje på, og eventuelt fråfall av frivilligheita reknast med som ein konsekvens og kostnad for samfunnet. For mange oppgåver og for høge krav til frivilligheita fryktar DNT vil utgjere ei barriere for å tilpasse og oppretthalde friluftsliv til endra klimatiske høve.

Sikkerheit/TEK 17. DNT ser at utvalget anerkjenner vår problemskildring i kap 9.3.1.3 *Utvalget vurderer at rigide krav og lite fleksibel praksis kan bidra til unødvendig høye kostnader for klimatilpasning i friluftslivet***.** Vi meiner utfordringa likevel er manglande vektlagt i rapporten og vil gjenta følgande: for strenge sikkerheitskrav til til dømes brubygging i fjell og utmark, tærer på økonomien og kapasiteten til frivilligheita, og krava står ikkje i samsvar med øvrig sikkerheit/sikring på stier og ruter i fjellet. Overdimensjonering av sikkerheitstiltak og fråvær av tilpassa regelverk bør og reknast som ein (unødig) utgift for samfunnet, og det må fremjast tiltak for tilpassa ordningar.

Innspel til kap 9.12 og 9.13 Tiltak for klimatilpassing – Reiseliv, og samfunnsikkerheit og beredskap

Besøksbidrag og destinasjonsleiing er viktige tiltak, men dekker ikkje det fulle behovet for tilrettelegging og førebygging. For god klimatilpassing av friluftslivet sin infrastruktur trengs ressursar og ordningar for å lette kapasitets- og kompetanseutfordringar og den økonomiske byrden for frivilligheita. God infrastruktur i fjell og utmark og god klimatilpassing er også god førebygging mot uønska hendingar og kan bidra til å lette beredskapsarbeid. Derfor vil vi oppretthalde våre innspel om ein **tilskotsordning for klimatilpassing av friluftslivets infrastruktur.** Vi vil og gjenta trongen for eit **revidert regelverk/ei eiga forskrift for byggesaker/infrastrukturtiltak for friluftslive**t, med meir tilpassa krav til personsikkerheit og vern av materielle verdiar, enn dagens TEK 17.

Med helsing

Inger Lise Blyverket
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Seniorrådgjevar, naturforvalting
Den Norske Turistforening